

Organ: REPRESENTANTSKAPET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 18.12.2023

Møte i Representantskapet i NoMil

Stad: Møte vart gjennomført digitalt.
Tid: Måndag 18.12.23 kl. 10:00 – 11:00

Leiar av representantskapet Leidulf Gloppestad ynskte velkommen og gjennomførte opprop. Totalt 10 av 16 representantar møtte, deltakarliste følgjer vedlagt.

* * *

SAK 09/22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Administrerande direktør si
TILRÅDING
Innkalling og sakliste vert godkjent

Representantskapet sitt
VEDTAK
Tilrådinga frå administrerande direktør vart samrøystes vedtatt.

SAK 10/22 GODKJENNING AV SAKLISTE OG VAL AV TO TIL Å SKRIVE UNDER MØTEBOKA

Administrerande direktør si
TILRÅDING
Innkalling og sakliste vert godkjent

Representantskapet sitt
VEDTAK
Tilrådinga frå administrerande direktør vart samrøystes vedtatt.

Til å skrive under møteboka vart valde:

- Gunn Sande og Ola Teigen

Sign. :	
---------	--

Organ: REPRESENTANTSKAPET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 18.12.2023

SAK 11/23: BUDSJETT FOR 2024

Tidlegare handsaming :	Organ:	Saksnr.	Møtedato
	Styret	35 /23	18.09.2023

NoMil skal etter selskapsavtalen, og som basis for god økonomistyring, ha eit budsjett og ein økonomiplan. Desse skal utarbeidast av styret og vedtakast av representantskapet i NoMil. Desse skal danne grunnlag for fastsetting av renovasjonsgebyr for komande år, som skal endeleg vedtakast av kommunestyra i dei 5 eigarkommunane.

GRUNNLAG FOR BUDSJETTARBEIDET FOR 2024:

- Rekneskap 2022 og budsjett 2023
- Basisføresetnader, løns- og prisstigning i tråd med SSB konjunkturtendensar
- Fastsetting av inntektsgrunnlaget for verksemda gjennom forskrift for renovasjonsgebyr og prisar på varer og tenester.
- Styret sine føringar til vidare utvikling og satsingsområde

BUDSJETT 2023 OG REKNESKAP 2022

Resultatet for 2022 viste eit årsresultat på kr. 17.638,- etter skattekostnader. I 2023 er det budsjettert med eit årsresultat i balanse.

BASISFØRESETNADER OG GENERELL KOSTNADSUTVIKLING

SSB sine konjunkturtendensar for 2024 legg til grunn ein lønsvekst på 4,9%, ein auke i KPI inkl. straum på 3,0% og ei auke i KPI (JAE) ekskl. straum på 3,6%.

Med desse bakgrunn i SSB sin e vurderingar, er driftsinntekter og kostnader budsjettert med ei auka på 3,5 %.

Prisstigning knytt til transport og handsaming av hushaldningsavfall er budsjettert ut frå gjeldande og forventa nye avtaler justert for ekstra avgifter og transportindeks.

Ordinære renovasjonsgebyr er budsjettert med ei auke på 5,5 % i 2024.

Dette er 2,5 % over vedteken gebyrauke i Økonomiplan 2023 – 2026 vedteken i 2022 grunna høgare forventa løns- og prisvekst.

Det er i gjennomsnitt ikkje lagt inn auka slamgebyr i 2024.

Slamgebyr for kommunane Stad, Bremanger og Gloppen som tidlegare har vore ulikt prisa, er no harmoniserte.

Sign. :	
---------	--

Organ: REPRESENTANTSKAPET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 18.12.2023

BUDSJETTFRAMLEGG FOR 2024

1.0. Avfallsmottak

Budsjettframlegget for 2024 er basert på vidareføring av drifta i 2023, men korrigert for forventa reduksjon i avfallsmengde næringsavfall og nytt utsleppsløve.

Det er lagt til grunn følgjande avfallsmengder i 2024 med slik fordeling:

<u>Budsjettert avfallsmengde / år:</u>	2019	2020	2021	2022	2023	2024
▪ Restavfall til forbrenning *)	7800	10600	11700	11200	10900	8500
▪ Glas- og metallemballasje	500	600	600	640	700	600
▪ Våtorganisk kompost	2300	2800	2800	2400	2300	3200
▪ Andre fraksjonar	5400	6600	6600	6600	6700	6700
	16000	20600	21700	20840	20600	19000

* Redusert mengde restavfall frå næring

1.1. Behaldarrenovasjon

Budsjettutkastet tek utgangspunkt i at NoMil vidarefører dagens ordning, og utfører all behaldarrenovasjon i eigenregi i budsjettåret.

1.2. Transport/behandling av restavfall og trevirke

Budsjettet tek utgangspunkt i gjeldande pris på levering og transport av restavfall til forbrenning.

Grunna positive signal i marknaden, er det forventa ein liten prisnedgang på restavfall etter ny anbodsrunde gjeldande frå 15.februar 2024.

Prisar på levering av trevirke er redusert til faktiske prisar for 1. halvår, det er budsjettert med vidareføring av gjeldande prisar for 2. halvår.

1.3 Hytter og fritidshus

Budsjettet tek utgangspunkt i at alle kommunane har tvungen hytterrenovasjon.

Etablering av leveringsordning for matavfall og plastemballasje er planlagt etablert i 2024.

1.4. Gjenbruksstasjonar

Gjenbruksstasjonar i alle kommunane er eit viktig tilbod til abonnentane og andre som leverer større avfallsmengder. Det er i utgangspunktet føresett og budsjettert med full drift på alle gjenbruksstasjonen.

2.0. Nye avtaler og anbod

- Restavfall til forbrenning frå 15.02.2024 – 31.12.2025 +1+1 år opsjon
- Trevirke til materialgjenvinning/forbrenning frå 2. halvår 2024
- 1 ny renovasjon lastebil og 1 ny tilbringar renovasjonsbilar på Nordfjordeid

Sign. :	
---------	--

Organ: REPRESENTANTSKAPET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 18.12.2023

3.0 Investeringar

Av større investeringar er det budsjettert med:

- kr. 3,1 mill. oppgradering/maskiner og utstyr/nye containerar hovudkontor
- kr. 0,3 mill. nytt brannvarslingsanlegg sorteringshall / sentralmottak
- kr. 1,2 mill. nye brakker/maskiner og utstyr i Purkehola
- kr. 0,2 mill. nytt lysanlegg Vedvik

4.0 Personalressursar og kostnader

Auka fokus på HMS/internkontroll, krav til etablering av nye rutinar og kvalitet/kontrolltiltak er prioritert i tråd med nytt utsløppsløyve frå statsforvaltaren.

I budsjettet er det derfor lagt inn ny 100% stilling som HMS/HR medarbeidar (vedtak 22/23).

Det er vidare lagt inn ny 100% stilling som kommunikasjonsmedarbeidar som vil få ansvar for informasjon og utoverretta verksemd til våre abonnentar, oppfølging av våre eigarkommunar, samt skular og barnehagar.

Det er budsjettert med ein forventa lønsvekst på 4,9 % i gjennomsnitt for alle tilsette.

5.0 Tilsette

Frå 2024 er det budsjettert med totalt 42 årsverk fordelt på 48 medarbeidarar medrekna ny sjåførlærling:

- 8,1 årsverk i administrasjonen inkl. ny HMS/HR og kommunikasjonsmedarbeidar
- 9,3 årsverk på hovudanlegget
- 13,6 årsverk i renovasjonsavdelinga Nordfjordeid
- 5,2 årsverk i renovasjonsavdeling i Florø
- 2,0 årsverk på gjenbruksstasjonen i Florø
- 2,4 årsverk på gjenbruksstasjonane i Bremanger og Vågsøy
- 1,4 årsverk på gjenbruksstasjonen i Eidsmona

6.0 Inntektsgrunnlag

Det er lagt opp til ei vidareføring av gebyrsystemet frå tidlegare med ei prisauke i renovasjonsgebyret for 2024 på 5,50 prosent.

Dette gjev følgjande budsjetterte inntekter i 2024:

Sign. :	
---------	--

Organ: REPRESENTANTSKAPET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 18.12.2023

INNTEKTER	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
ABONNEMENTSGEBYR	51 830 621	53 850 612	61 044 983	64 832 309
INNTEKT LEVERING FRAKSJONAR	4 815 247	3 527 279	3 078 191	3 021 395
INNTEKT GJENBRUKSSTASJONAR	3 977 078	4 812 320	4 175 376	4 427 506
ANDRE DRIFTSINNTEKTER	4 316 847	5 956 053	6 182 451	3 304 975
HYTTE / FRITIDSRENOVASJON	3 958 949	5 527 526	6 693 943	7 178 965
ABONNEMENTSGEBYR NÆRING	6 914 381	7 110 736	6 808 346	8 196 231
SLAM GEBYR	7 234 000	7 875 817	9 606 822	8 561 992
Sum driftsinntekter	83 047 123	88 660 343	97 590 112	99 523 373

Budsjettet for 2024 vert lagt fram i balanse.

Høg løns- og prisvekst, og store svingingar i prisar på levering av avfall og nye stillingar har ført til 2,5% høgare renovasjonsgebyr en vedteke i Økonomiplan for 2023-2026.

Vedlegg: -budsjett 2024 totaloppstilling
-budsjett 2024 inntekts- og kostnadsart
-budsjett kommentarar

Administrerande direktør si
TILRÅDING

I samsvar med vedtektene til Nordfjord Miljøverk IKS godkjenner representantskapet

1. Styret sitt framlegg til Budsjett for 2024
2. Representantskapet gjev styret fullmakt til å endre inntekter og utgifter i driftsbudsjettet for 2024 dersom budsjettendringane ikkje fører til at netto driftsresultat vert vesentleg forverra.

Jan Henrik Nygård fremma følgjande framlegg:

«Nomil IKS setter av kr.350.000.- i 2024 og 2025 til Fjordane friluftsråd for informasjon av skoleelever i våre kommuner om avfallshåndtering. En avtale må godkjennes av styret i Nomil IKS før effektivisering, og avtalen skal beskrive hvilken aktivitet som skal gjennomføres.. Det må og avklares juridiske betraktninger rundt tilskudd, før rep møte. Nomil IKS utsetter utlysning av kommunikasjonsrådgiver til 2025, og skal da søke samarbeid med andre aktører innen avfallshåndtering. Nomil IKS setter gebyr til 5% for 2024»

Etter avstemming fekk framlegget 2 røyster og fall.

Sign. :	
---------	--

Organ: REPRESENTANTSKAPET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 18.12.2023

Etter drøftingar fremma administrerande direktør følgjande framlegg til endring:

«NoMil utset tilsetjing av kommunikasjonsmedarbeidar i 6 månader til 01.10.2024, som gjev ½ årsverk (0,5%) i innsparing i budsjettåret 2024. Nomil IKS aukar renovasjonsgebyr med 5,0% for 2024»

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Styret gjorde deretter følgjande samrøystes

INSTILLING

I samsvar med vedtektene til Nordfjord Miljøverk IKS godkjenner representantskapet

1. Styret sitt framlegg til Budsjett for 2024 med ei auke i renovasjonsgebyret på 5,0%.
2. Representantskapet gjev styret fullmakt til å endre inntekter og utgifter i driftsbudsjettet for 2024 dersom budsjettendringane ikkje fører til at netto driftsresultat vert vesentleg forverra.

Representantskapet sitt

VEDTAK

Innstillinga frå styret vart samrøystes vedteken.

Sign. :	
---------	--

Organ: REPRESENTANTSKAPET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 18.12.2023

SAK 12/23 ØKONOMIPLAN 2024 - 2027

Tidlegare handsaming :	Organ:	Saksnr.	Møtedato
	Styret	35 /23	18.09.2023

NoMil skal etter selskapsavtalen, og som basis for god økonomistyring, ha eit budsjett og ein økonomiplan. Desse skal utarbeidast av styret og vedtakast av representantskapet i NoMil. Desse skal danne grunnlag for fastsetting av renovasjonsgebyr for komande år, som skal endeleg vedtakast av kommunestyra i dei 5 eigarkommunane.

GRUNNLAG FOR BUDSJETTARBEIDET FOR 2024:

- Representantskapsak 11/23 Budsjett 2024

Økonomiplan 2024 - 2027

Det er utarbeidd ein overordna økonomiplan for 2024 - 2027, der 2024 er basisbudsjettet. Kostnader til fornying av maskin- og bilpark er lagt inn med like årlege beløp.

Investeringar knytt til behandlingsanlegg for våtorganisk avfall føresett etablering av nytt biogassanlegg i regionen, og er førebels ikkje lagt inn i budsjett.

Det er ikkje lagt inn nye stillingar i økonomiplan i perioden 2025 til 2027.

Det er lagt til grunn uendra eigarsamansetjing, innbyggjar- og abonnementtal i planperioden.

Avklaringar knytt til nytt utsleppsløyve kan føre til nye investeringar i bygg og anlegg etter pålegg frå statsforvaltar. Nye investeringar i planperioden knytt til mogelege tiltak, vil bli aktivert og avskrive etter gjeldande satsar. Det er budsjettert med 0,27 mill. i konsulentkostnader knytt til kartlegging og prosjektering av tiltak i 2024.

Det er lagt inn ei generell årleg auke på 3,0 % i perioden på inntekter og kostnader frå 2025.

Vedlegg: -økonomiplan 2024-2027

Administrerende direktør si

TILRÅDING

I samsvar med vedtektene til Nordfjord Miljøverk IKS godkjenner representantskapet

1. Styret sitt framlegg til Økonomiplan 2024 - 2027

Styret si

INNSTILLING

Tilråding frå administrerende direktør vart samrøystes innstilt.

Representantskapet sitt

VEDTAK

Innstillinga frå styret vart samrøystes vedteken.

Sign. :	
---------	--

Organ: REPRESENTANTSKAPET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 18.12.2023

SAK 13/23 ORIENTERING- OG DRØFTINGSSAKER

Status drift

Drifta har i 2023 vore prega av høg aktivitet, men ein del langtidsfråvær har ført til utfordringar både administrativt og på avdelingane.

I tillegg har mange parallelle prosjekt kravd ein vesentleg del av administrative ressursane som er avsett til dagleg drift.

Den 1. oktober flytta Retura NoMil AS (sjå eiga orienteringssak) ut av anlegget, og mengda restavfallsmengda og trevirke frå næring er redusert.

Status gjenbruksstasjonane

Av våre 8 stasjonar er 6 drivne i eigenregi, mens stasjonane på Svarstad i Stryn og på Haugen i Nordfjordeid er drivne av eksterne verksemdar.

Vedvik gjenbruksstasjon

Det er utarbeidd planar om opprusting av stasjonen i Vedvik, men det er ikkje sett av midlar til arbeidet.

Drøfting i møte:

- Styre og administrasjon vurderer behov for å ruste opp stasjonen, dersom det vert arbeidd vidare med etablering av ein ny stasjon for ytre Nordfjord

Selje gjenbruksstasjon

Stasjonen i Selje har svært avgrensa tilgang på areal og fasilitetar som gjer drifta krevjande både for brukarane og dei tilsette. NoMil overtok ansvar for drifta av stasjonen 1. mai 2023 med personell stasjonert i Eidsmona saman med ein tilsett frå kommunen. Dette er ei midlertidig løysing ut 2024.

Stølsborden gjenbruksstasjon

I Bremanger har det i lengre tid vore arbeid med ein ny stasjon for heile kommunen. Forholda ved gjenbruksstasjonen i Svelger gjer at styret støttar hovudverneombodet sitt kravd om at den vert stengd 31.12.2023.

Formannskapet i Bremanger kommune har den 26.10.2023 i sak 088/23 gjort samrøystes vedtak om sett i gong planarbeid for detaljregulering av gjenbruksstasjon på Nygård i Skatestraumen.

Drøfting i møte:

- Ein ser det som hensiktsmessig å etablere ein felles gjenbruksstasjon for heile kommunen. Viktig å få ut god informasjon i samarbeid med kommunen om bakgrunn for endringa, krav til nye stasjonar og fordelar/tilbod.

Sign. :	
---------	--

Organ: REPRESENTANTSKAPET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 18.12.2023

Utgreiing ny struktur gjenbruksstasjon for ytre Nordfjord

Gjenbruksstasjonen i Selje og Vedvik stettar ikkje dagens krav til fasilitetar og driftsforhold. NoMil har ei leigeavtale med MyRø AS om drift av gjenbruksstasjonen på Haugen fram til 2028.

Tal på besøkande er aukande, med krav til betre fasilitetar, auka containerkapasitet for meir kjeldesortering og utvida opningstider. Finansiering av utbygging/oppgradering av 3 stasjonar vil vere krevjande for kommunane å få finansiert, og føre til ei vesentleg auke i renovasjonsgebyra. Styret i NoMil vil gå i dialog med Stad kommune og Kinn kommune om moglegheit for utgreiing av ein felles stasjon for Ytre Nordfjord.

Drøfting i møte:

- Dersom NoMil skal klare å oppretthalde gode renovasjonsordningar og samstundes ha fokus på lav gebyrauke, er det riktig av styret i NoMil å vurderer dagens struktur.
- Ein stasjon i Bremanger og ein i Ytre Nordfjord i staden for å bygge/ruste opp 5 stasjonar, vil truleg redusere investeringsbehovet med minst 40-50 mill. og redusere auka årlege leige- og driftskostnader for NoMil med over 5 mill.

Status fråvær og personale

Samla sjukefråværet i perioden 01.01.2023 - 30.09 2023 er 3,95 %, men slik fordeling:

- 19,1 % korttidsfråvær 1-3 dagar
- 17,2 % legemeldt fråvær 4-16 dagar
- 63,7 % legemeldt langtidsfråvær over 16 dagar

Fråvær inntil 16 dagar har gått ned, mens langtidsfråvær har auka med 16,5%. Det er ikkje registrert alvorlege arbeidsuhell med etterfølgjande arbeidsrelatert sjukefråvær i perioden.

Drøfting i møte:

- Viktig å ha sterk fokus på oppfølging av både kort- og langtids sjukmeldte. NoMil har fokus på dette, og har tilsett ein ressurs frå 1. februar 2024 som får ansvar for alt personale- og HMS arbeidet.

Ny lokasjon renovasjonsavdeling Nordfjordeid

NoMil har inngått ny leigeavtale med O. Nord AS på Nordfjordeid. Leigeavtala omfattar 244 m2 lager/verkstadhall, 35 m2 kontor og 515 m2 parkeringsareal som er vesentleg større en gjeldande avtale. Årleg leige er 255.000,- som er ei auka på 51.000,- frå gjeldande avtale. Lokala vert no pussa opp, forventa overtaking 1/12 2023.

Status biogassprosjekt

Styret i NoMil vedtok i styresak 25/23 å inngå avtale med SFE AS om overtaking av biogassprosjektet «Fjordane Biogass». Dei har etablert ei prosjektgruppe på 4-5 personar. Målsetjinga er å avklare om prosjektet gjev ein økonomi som kan forsvare

Sign. :	
---------	--

Organ: REPRESENTANTSKAPET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 18.12.2023

investering og drift. Føreset økonomiske forsvarlege kalkyle, er planen å gjennomføre utbygging i 2025 med oppstart i 2026.

Bønder i Gloppen, Stryn og Jølster har no etabler selskapet Fjordane Biogassforum SA som skal ta i vare deira interesse mot eigarar av biogassanlegget. Dei ynskje rå vere pådrivarar for å utvikle kompetansemiljøet i regionen, og støtte opp om arbeidet med produksjon av hagejord og gjødselpellets lokalt.

NoMil har fått tilsegn på inntil kr. 400.000,- i prosjektmidlar frå Vestland fylkeskommune til dekking av inntil 50% av kostnader knytt til det vidare arbeidet rundt etablering av ein industriell grøn biohub på Teita på Byrkjelo. Prosjektet skal avklare mogeleg samarbeidsområde/industriell symbiose med anna grøn næringsverksemd. Prosjektarbeidet vil gå parallelt med SFE sitt arbeid med etablering av biogassanlegg. Styret i NoMil har godkjent avtale med Gloppen Næringsorganisasjon om kjøp av tenester til prosjektleiing.

Eigarskap Retura NoMil AS

NoMil sitt eigarskap i Retura NoMil AS er no avslutta.
Retura NoMil AS flytta all drift ut av Eidsmona 36 30. september 2023.
Alle avtaler er terminert, levering av avfall er avslutta.
Pr. dato skuldar Retura NoMil AS oss i overkant av 600.000,-.

Samarbeid om utgreiing av anlegg for behandling av våtorganisk avfall

NoMil har saman med renovasjonsverksemdene på Sunnmøre og i Molde inngått avtale med ei konsulentverksemda om utgreiing av forbehandlingsanlegg av matavfallet til bruk i biogass-produksjon.
Kostnadsråme er kr. 250.000,- som vert delt likt mellom dei 5 verksemdene.

Anbod restavfall og rammeavtale avfallsbeholdarar

NoMil har no lyst ut anbod med tilbudsfrist 20. november 2023 på behandling og transport av restavfall for 2024-2025 med opsjon på inntil 2 år.
Grunna usikkerheit knytt til endra forbrenningsavgift i statsbudsjettet for 2024, er anbudsfrist utsett med 2 månader.

Vidare samarbeider NoMil med Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS om eit felles anbod/rammeavtale på innkjøp av avfallsbeholdarar gjeldande i 4 fire år.

Statsbudsjett 2024- konsekvensar

I Statsbudsjettet for 2023 vart det vedteke ei forbrenningsavgift på kr. 262,- pr. tonn restavfall. Måten avgifta vart lagt opp på i Norge, gjorde at den må godkjennast av EØS. I påvente av godkjenning har avgifta vore belasta med kr. 131,- pr tonn.

Sign. :	
---------	--

Organ: REPRESENTANTSKAPET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 18.12.2023

I framlegg til Statsbudsjett for 2024 er det forslag om at avgifta skal aukast til kr. 484,- pr. tonn som utgjer ei auke på 85% frå tidlegare vedteke avgift. I forhold til gjeldande avgift kr. 131,- utgjer dette ei auke på kr. 353,- (269,5%) pr tonn. Tidspunkt for innføring av avgifta er ikkje avklart, men for NoMil vil denne auka på årsbasis utgjere ei kostnadsauke / budsjettunderskot på 3,0-3,5 mill.

Dette vil kunne få direkte innverknad på drifta av verksemda, investeringar og vidareføring/oppstart av prosjekt som til dømes:

- innføring av mat/plast ordning for hytte- og fritidseigedomar
- etablere nedgravne løysingar / nye avfallsløysingar
- tiltak knytt til utvikling av system for auka materialgjenvinning
- nye digitale løysingar og oppgradering av gjenbruksstasjonane
- tiltak på gjenbruksstasjonane

Drøfting i møte:

- Viser til drøftingar i sak 11/2023 og 12/2023.

Om det vert vesentleg auke i forbrenningsavgifta og i andre driftskostnader, bør styret vurdere å auke renovasjonsgebyret for 2. halvår for å unngå underskot i 2024 med etterfølgjande kraftig gebyrvekst i 2025, og for å sikre dagens tenester og etablering av nye løysingar for å nå statlege gjenvinningskrav.

Representantskapet sitt

VEDTAK

Representantskapet tek orienteringar til vitande.

Sign. :	
---------	--

REPRESENTANTSKAPET I NORDFJORD MILJØVERK

Pr. 18.12.2023

Leiar: Leidulf Gloppestad
Nestleiar: Sidsel Kongsvik

Medlemar	Varamedlemmar
<p>Stryn kommune Per Kjøllesdal Silje Åsenes Skarstein Aud Løvlid</p> <p>Forfall:</p>	
<p>Stad Kommune Gunn Sande Per Tore Borgund</p> <p>Forfall: Gunnar Silden</p>	<i>Betty Hessevik</i>
<p>Gloppen kommune Leidulf Gloppestad (leiar)</p> <p>Forfall: Sandra Edith Tenud Roar Henden</p>	
<p>Bremanger Kommune Elisabeth Hatlenes</p> <p>Forfall: Inger Rise Hallset</p>	
<p>Kinn kommune Ola Teigen Geir Arne Solheim</p> <p>Forfall: Arlene Vågene Gitta Sas Sidsel Kongsvik (nestleiar)</p>	

Møtet vart gjennomført delvis med oppmøte og som digitalt fjernmøte jf. heimel i IKS lova §4 første ledd.

Til saman møtte 10 av 16 representantskapsmedlemmar og var vedtaksføre.

Frå styret i NoMil : Styreleiar Sven Flo
Frå administrasjonen i NoMil møtte: Adm. dir. Inge Bent Arnestad og driftsleiar Frode Denk

Deltakere

NORDFJORD MILJØVERK IKS 977549833 Norge

Signert med E-signere

Inge Bent Arnestad
post@nomil.no

2023-12-19 07:23:31 UTC

Dato

Leveransekanal: E-post
IP-adresse: 62.50.166.214

OLA TEIGEN Norge

Signert med E-signere

Ola Teigen
ola.teigen@kinn.kommune.no
+4797548023

2023-12-19 07:41:25 UTC

Dato

Leveransekanal: E-post
IP-adresse: 77.18.50.179

GUNN SANDE Norge

Signert med E-signere

Gunn Sande
guk-sand@online.no
+4790527745

2023-12-19 16:25:46 UTC

Dato

Leveransekanal: E-post
IP-adresse: 80.213.109.132